

SPELEREGLAR QUATRO FAMILIESPEL

Ide/opphav: Jostein Vågenes

FOR DEI YNGSTE

QUATRO spelast med 2 terningar og uavgrensa tal deltakarar.

Spelet går ut på oppnå så mange poeng som mogleg (summen av dei 4 rekneartane + bonus).

Til saman 16 terningkast + bonuskast, dersom du er heldig.

Velg TVUNGEN eller FRI spelemåte:

TVUNGEN:

Deltakarane må følgje spelearket, dvs. addisjon før subtraksjon, osv.

FRI:

Deltakarane vel sjølve kvar resultatet skal først på spelearket etter å ha sett resultatet av kastet.

Eks: 2 seksarar kan adderast til 12 eller multipliserast til 36.

Sit ein derimot att med berre divisjon vert summen 1 ($6 : 6$) eller 0 dersom subtraksjon er einaste attståande alternativet ($6 - 6$).

Her må det tenkjast!

ADDISJON:

Legg saman summen på dei to terningane for kvart kast.

SUBTRAKSJON:

Trekk minste terningverdi frå største.

MULTIPLIKASJON:

Multipliser verdiane på dei to terningane.

DIVISJON:

Divider talet på eine terningen med talet på den andre.

Eks. 1: $4 : 2 = 2$

Eks. 2: $6 : 4$ kan ikkje delast og poengsummen vert 0.

Eks. 3 m/primtal: $5 : 3$ kan heller ikkje delast, men som trøystepremie beheld du lågaste primtal som poeng, dvs. 3.

Primtal: 2, 3, 5

BONUS:

2 seksarar gir rett til eit ekstrakast.

Før summen av ekstrakastet opp i Bonus-feltet.

Ved TVUNGEN spelemåte: Følg spelelista.

FRI spelemåte: Vel reknemåten du ynskjer.

LUKKE TIL!

03/21 - JV